

dubl.

STUDENTAVISA I TROMSØ

Organ for Tromsø-studentane
2. årgang - Nr. 3 - 1977

Studentar — avvis valtoga!

SLUTT OPP OM FAGLEG 1. MAI FRONT SITT KLASSEKAMPTOG!

1. mai er hovudoppslag i dette nr. av avisa. 1. mai er arbeidar-klassen sin internasjonale kampdag. Då går klassen og hans allierte ut i gata og demonstrerer for sine rettvise krav. Det er viktig at studentane og tar del i markeringa av dagen.

Dei siste åra har studentøkonomien vorte stadig verre. Åttaka på interesseorganiseringa og dei demokratiske rettane er hårde. Samstundes er einskapen mellom studentar og arbeidarar auka. Det er difor viktig at studentar tek stilling til arbeidar-klassen sin klassekampdag og går ut i gata med sine krav!

På midtsidene gjer Fagleg 1. Mai Front og Sosialistisk 1. Mai Front greie for politikken deira for dagen.

Sjå midtsidene

Stoff elles:

FORBUNDET MOT RUSGIFT — LANDSMØTET

DEBATTINNLEGG.

BOKANMELDING.

1. MAI 1977



ENHET PÅ KLASSEKAMPENS GRUNN

STATEN ANGRIP STUDENT-ØKONOMIEN GJENNOM NYE REGLAR FOR LÅN OG STIPEND — NSU-LEIINGA OG USV FORSVARAR ÅTTAKA AKTIVT!

Sjå siste side.

STUDENTAVISA I TROMSØ

Organ for studentene ved
Universitetet i Tromsø.

Redaksjonen:
Jostein Karlsen, Åse Hans-
sen (ansvarlege). Siv Kvern-
mo, Roald Larsen.

Adresse: c/o Studentutvalet,
Tollbugt. 7b, 9000 Tromsø

Redaksjonen avslutta 22.4.77.

Trykt i 1500 eks.

STUDENTAR — STØTT KLASSEKAMPTOGET 1. MAI

I år som i fjor står dei to linene i 1. mai-markeringa mot kvarandre. SV/DNA gjekk i fjor hand i hand i Sam.org.-arrangementet. I år har SV sett det naudsynt å bryte med DNA/Sam.org. for å strekke hendene ut mot veljarane.

Ikkje noko samarbeid med uavhengige sosialistar, trotskistar og KUL kan skjule det faktum at Sosialistisk 1. mai front er SV sitt arrangement, og fører ut SV sin politikk på 1. mai. At SFF/SV slår om seg med paroler mot klassesamarbeid og kombioppgjør endrer ikkje på den saka.

OktoBERSAKA sitter friskt i

minne for dei fleste. Vi opplevde her i Tromsø eit klassisk fascistisk terroråtak. Tromsøpolitiet utmerka seg med den rolla dei spela i etterforskninga, samstundes som dei med ni mann og hund gikk til åtak mot det lovlege fagforeningsmøtet på Tromsfisk på eit vis så ein skulle tru ein bodde i Johannesburg.

Etter ein slik vår utmerker SFF-toget seg med å ikkje ha med ein einaste parole mot fascismen og ikkje ei einaste parole til forsvar for dei demokratiske rettane! Det ser ikkje ut til at parola til USV om å bekjempe Norsk Front heldt seg så

lenge at det gjorde noko.

Derimot finst det ein god del antikommunisme i artikelen deira, og ikkje minst i parola «Sosialisme er arbeidermakt — ikkje partidiktatur og stalinisme», som vi vil ta sterkt avstand frå. Vi kan berre slå fast at SFF slutter seg pent inn i rekka av anti-kommunistiske paroler slik vi har sett dei i Sam.org.-toga opp gjennom åra. Haakon Lie har sanneleg funne nokon til å ta opp-arven etter seg!

Fagleg 1. mai front ser det som ei viktig sak å mobilisere folk til kamp for egne krav. Om dette har SFF følgjande å seie: Denne

apolitiske mobiliseringsmåten kan bare ha gjennomslagskraft i de småborgerlige mellomlaga».

Som kjent har t.d. Tromsfisk-arbeidarane og Linjegodsarbeidarane på fagforeningsmøte slutta seg samrøystes til FFF. Det same toget har og bryggearbeidarane i Oslo slutta seg til. Det er berre nokre få døme på noko som er i ferd med å bli ein tradisjon: Arbeidsfolk i kamp slutter seg mannjamnt til FFF.

Ein skulle tru at alle desse arbeidarane ikkje kan anna enn le når dei får vite at SFF har plassert dei i «de småborgerlige mellomlaga».

Sjølvsagt kan andre enn erklærte sosialistar delta i klassekampen, sjølv om ikkje SFF trur det. Difor oppmoder vi alle studentar, erklært sosialist eller ikkje, til å slutte seg til den kampen vi fører for våre egne krav og vere med å demonstrere for dei 1. mai.

Åtaka på dei økonomiske kårane og dei demokratiske rettane våre har vore alvorlege siste året. Nye forverringstiltak er på veg, og dei kjem visseleg til å bli sett inn mot oss om vi ikkje gjer noko sjølv for å stogge dei. 1. mai har vi eit høve til å vise staten og Haugli at vi ikkje vil bøye nakken når dei kjem med nye åtak.

Redaksjonen i Student-avisa oppmoder difor studentane i Tromsø til å slutte seg til studentseksjonen i FFF-toget og bruke dagen til å slåss for egne krav!

USV OG «LÅNEKASSESAKA»

I det siste har studentane fått nyss i at staten førebur ei omlegging og rasjonalisering av lånekassa som rammer både studentar og tilsette.

Etter det nye systemet fell burtebuar — og grunnstipend ut. Inn kjem ein prosentstipendmodell som klårt fører til forverra økonomi og gjeldsslaveri for ein vesentleg del av studentane.

Diskusjonen om «lånekassesaka» har vore oppe på dei fleste lærestadene. I desse diskusjonane har USV spela rollen som «tåkelegger» og aktiv forsvarar av den nye «rettvise» prosentstipendmodellen. USV har freista å få diskusjonen til å dreie seg om i kva grad dei ulike folk nar vore informert om saka. Etter at det vart kjend at Versto og Telhaug (USV'arar) vart godt informerte om desse planane, og ikkje informerte grunnplanet sitt, har USV leita med lys og lykt for om mogleg å finne andre stud.rep. som og har kjend til innhaldet i notata og ikkje informert grunnplanet. Ein slik reinvaskings-

manøver held ikkje!

I tillegg har USV spreidd påstander som at «notata er forelda», «Tabellen for prosentstipendet er ikkje lengre aktuell», «notata skal ut til høring», osv. Desse påstandane har kome udokumenterte og har spreidd ein del forvirring blant studentane. Dette er ingen tent med. Diskusjonen vidare må no rettes inn på det faktiske innhaldet i dokumenta — eit grovt åttak på studentane sin økonomi. Vi må kreve full offentlegheit i saka, avvise alle åttaka og slå fast dei rettvisse krava:

BORTEBUARSTIPEND PÅ 790 KR/MDR. TIL ALLE BORTEBUARAR!

GRUNNSTIPEND PÅ 390 KR/MDR. TIL ALLE STUDENTAR!

LÅNERENTA NED TIL 74 NIVÅ; — INGEN RENTER I STUDIETIDA!

* *

Studie og skoleservice

— en tjeneste for studenter og skoleelever under videreutdanning

Vår jobb er å hjelpe deg.

 **Tromsbanken as**

— din økonomiske rådgiver

NAMNET PÅ AVISA?

Studentavisa har framleis ikkje fått noko namn. Vi gjev ho difor ut under namnet «Studentavisa i Tromsø». Men vi vonar ho ikkje skal heita det for all framtid.

Vi bed folk om å sende gode framlegg til redaksjonen. Det framlegget som vert nytta, vert honorert med ei LP-plate.

Hittil har vi fått inn svært få framlegg. Vi kan nemnda «Nordflanken», «Nordfront», «Stå fram» og «Framstøt».

Redaksjonen har stilt seg ein del spørsmål i tilknytning til spørsmålet om namn til avisa: Lyt namnet klårt seia at det er ei studentavis det er tale om? Lyt ho plasserast geografisk gjennom namnet? Og ikkje minst: Lyt namnet seia noko om kvalitetane i den gruppa ho er laga for og av? Kanhende lyt namnet og seia noko om hovudsida av innhaldet i avisa. Kva skal avisa heite? — Ver dristig, — kom med framlegg!

Pressemelding

Skoletidsskriftet Praxis har nylig kommet med et temanummer om Høyre og skolepolitikken. Tittelen på dette nummeret er «Aksjon for ensretting og eliteutdanning» som henspeller på Høyres skolepolitiske aksjon sist høst.

Lektor Trygve Bull sier i et større intervju med Praxis bl.a. dette for å karakterisere Høyres skolepolitikk: Høyres linje i skolepolitikken har bestandig vært preget av det samme: en rørende omsorg for «de begavende barn». Lektor Bull sier at han kan ha sympati for den ekte konservatisme med omsorg for enkeltindividet. Men han har ikke sympati med at denne omhu utelukkende kommer «de som sitter på den grønne gren» til gode. Bull gir også sine personlige karakteristikker av de ledende skolepolitikere de siste tiåra.

Et år før Stortingsvalget rykket Høyre ut med sin skolepolitiske kampanje og forlangte «Ro i saken» Utspillet skapte en sterk reaksjon i Arbeiderpartiet, og vi fikk en av de skarpeste konfrontasjoner som vi har hatt mellom Høyre og Arbeiderpartiet de siste åra.

Hva ligger bak denne politikken? Vil Høre innføre apartheid i norsk skole, slik Reiulf Steen har formulert det? Praxis viser i dette nummeret med en lengre artikkel om Høyres skolepolitikk i et historisk perspektiv hvordan vi skal forstå Høyres politikk i dag. Under tittelen «Evig eies kun det tapte» gis det en utførlig analyse av klassemessige og ideologisk bakgrunn for Høyres

Over til siste side

KONTAKTER TIL STUDENT- AVISA

For at studentavisa skal fungere som en avis for hele universitetet, trenger vi kontakter rundt om på de forskjellige byggene. Disse skal følge med i hva som er aktuelle saker til enhver tid på de ulike plassene, og gi avisen tips om det. Kontaktene bør også selv kunne lage stoff og samle opp de opplysninger som redaksjonen trenger til sine reportasjer.

Dersom noen er interessert i slike oppgaver, må de melde seg til avisredaksjonen snarest. Bare ved å bygge ut et slikt kontaktnett, kan avisen dekke det som rører seg på universitetet som helhet.

praxis 27

tidsskrift for skole og samfunn nr 2 1977 6. årgang kr. 10



Aksjon for ensretting og eliteutdanning
Høyre og skolepolitikken

Nytt nummer av skoletidsskriftet Praxis, om Høyre og skolepolitikken er i handelen nå. Kjøp det i Narvesen eller abonner.

Send meg Praxis-abonnement for 1977, kr. 50,-.

Send ikke penger nå. Vi sender regning.

Navn.....

Adresse.....

Sendes Praxis, Gøteborggt. 8, Oslo 5.

FORBUNDET MOT RUSGIFT:

KAMP MOT RUSGIFT!

FORBUNDET MOT RUSGIFT (FMR) er en organisasjon som har rusgiftspørsmålet som særskilt kampoppgave.

Arbeidet i FMR har som mål:

- oppheve rusgiftpassiviseringen i samfunnet
- gjennom å skape en opinion mot rusgiftbruk og å stoppe all produksjon og spredning av rusgift.



FORBUNDET MOT RUSGIFT består av små lag og grupper rundt omkring på forskjellige steder i landet, på skoler, i bo-områder og på arbeidsplasser. Disse gruppene driver med studiesirkler og opplysningsmøter, kurs i rusgiftspørsmålet, stands og løpeseddelaksjoner og andre aktiviteter som har til hensikt å skolere og dyktiggjøre medlemmer og interesserte og/eller skape opinion mot rusgiftbruk. Gjennom disse aktivitetene vil grupper og lag bidra til å reise lokale krav mot rusgiftspredning og rusgiftprofiterer.

FMR I TROMSØ

TROMSØ FMR ble startet høsten 1976 i forbindelse med besøk Knut Reinås fra FMR sentralt. I den anledning arrangerte vi en rekke åpne møter, holdt appell på Kroa og hadde løpeseddelaksjon i Tromsø sentrum. I den tiden som fulgte fikk vi kontakt med en rekke interesserte som etter jul ble med på en studiesirkel. Denne sirkelen bidro til at interessen for rusgiftpolitisk arbeid økte. I februar arrangerte vi en aksjonsuke med besøk av riksinstruktøren i FMR. Vi hadde da stands på universitetet, arrangerte åpne møter og helgekurs. Hele uken underviste riks-

instruktøren på gymnasen.

Aksjonsuken bidro til å gjøre oss mer kjent i byen og har fått i gang en diskusjon om rusgiftspørsmålet blant folk.

LANDSMØTET STYRKA SLAGKRAFTA!

12. og 13. mars ble landsmøtet i FMR avviklet i Oslo. Tromsø FMR deltok med en representant. De viktigste sakene var behandling av to forslag til nytt prinsipp-program og arbeidsplan for 1977. Prinsipp-programdebatten førte ikke til noen avklaring, og det ble derfor nedsatt et utvalg som skal legge fram et nytt utkast til neste landsmøte. Et stort framskritt var imidlertid den arbeidsplanen som ble vedtatt. Den betyr en styrking av FMR sentralt og lokalt, i det den legger opp til at grupper og lag blir nærmere knyttet til hverandre og at arbeidet blir mer målrettet. Slik vil Forbundet Mot Rusgift bli mer slagkraftig i kampen mot rusgiftpassiviseringen og rusgiftprofiterer.

I Tromsø har vi etter landsmøtet avsluttet studiesirkelen og avholdt to filmkvelder. Aktiviteten har vært dårlig, men dette vil vi rette på i ukene framover, og spesielt i forbindelse med 1. og 17. mai. Vi vil i løpet av sommeren markere oss sterkere i bybildet og til høsten vil vi sette i gang en ny studiesirkel.

TROMSØ FMR ser det som en av oppgavene å spre kunnskapene om rusgiftskadene og rusgiftpassiviseringen blant studentene. Tromsø FMR mener

at alkoholen er med på å holde opp en omfattende sløving og passivisering blant studentene og i folket ellers. Hvor stor denne sløvingen og passiviseringen skal bli, henger sammen med hvor stor tilgangen og aksepteringen av alkoholen er. Vi kan fort slå fast at i studentmiljø er det ingen mangel på noen av delene.

ALKOHOLEN SVEKKER KAMPKRAFTA!

I forbindelse med de stadig hardere økonomiske og faglige forholdene som studentene blir utsatt for, er det viktig at vi har den fulle kampkraften vår intakt. Da må vi nedkjempe ting som er med på å svekke denne kampkraften. Alkoholen, mener vi, er en slik faktor. Vår objektive interesse er derfor å drive alkoholbruken så langt tilbake som mulig. Både alkoholbrukere og rusgiftmotstandere har felles interesse av dette.

Vi studenter har bare vår egen organisering og vår egen kampkraft å lite på. Alkoholbruken lammer både viljen og evnen til kamp hos en del av oss. Vi må innse at en del av den politiske kampen vi fører også gjelder kampen mot de som aktivt prøver å sløve oss ned gjennom å spre mest mulig alkohol blant oss.

Den eneste måten vi kan ramme disse på, er:

- 1) Drikke mindre alkohol selv.
- 2) Minske tilgangen på alkohol.

Vi oppfordrer derfor alle studenter om å redusere, helst kutte helt ut alkoholbruken, og bidra til at flest mulig studentarrangement blir alkoholfrie. Fagpolitiske- partipolitiske og andre studentlag oppfordrer vi om å gjøre egne arrangement alkoholfrie.

Til slutt vil vi sitere avisen «Tromsø»

RUSGIFTENE HINDRER
FOLKETS KAMP
KAMP
MOT RUSGIFT

22/12-73:

«Øihallen vil sannsynligvis være det bestående samfunns beste garanti for at det ikke blir noe av de planlagte revolusjoner. Studenter som drikker Mack-øl er fredelig og vennsæle personer».

Alle som er interessert i flere opplysninger om Forbundet Mot Rusgift kan skrive til: **Tromsø FMR, Kapteinveien 19, 9014 Håpet.**

Tromsø FMR.



Fra landsmøtet i Forbundet Mot Rusgift som betydde en styrking av den rusgiftpolitiske kampen.

Komplett!

BBB er bokreolen som De får kjøpt hos bokhandleren. BBB er kjeni som en bruksriktig og stilig reol, og De kan bygge den ut, seksjon for seksjon, akkurat som det passer Dem. Nå tilbyr vi også skap til BBB, slik at De kan lage en hel veggseksjon. Hos oss får De en brosjyre som forteller mer om de mulighetene BBB-reolen gir.

Produsent:
EIDSVOLL RIVEFABRIKK AS



BBB
reolen

får De hos

UNIBOK

UNIVERSITETSBOKHANDEL

Boks 761 Tlf. 81012

9001 TROMSØ

Spørsmål til SV på Universitetet:

1) Støtter USV invasjonen i Zaire?

ane som uttrykte solidaritet og støtte til Zaires motåtak og forsvar av territorial integritet:

2) Kven meiner USV står bak invasjonen?

Det er frå fleire hald lagt fram fakta som viser at det er sovjetiske interesser som står bak. Eg meiner invasjonen er eit døme på sosialimperialismens aggresjon og forsøk på å få betre kontroll i Afrika.

3) Kva for analyse har USV av at mange afrikanske leitarar har tatt skarp avstand frå invasjonen?

Kva for vurdering har USV av dette, er det progressivt eller reaksjonært?

Eg meiner det er eit uttrykk for einskapen og solidariteten mellom dei afrikanske landa mot imperialismen og sosialimperialismen sine forsøk på å kontrollere stadig meir i Afrika, og mot deira rivalisering om områda til dei afrikanske folka. Det er eit uttrykk for at denne einskapen og solidariteten veks seg sterkare. Dette er progressivt, trass i at dei same leiarane står for undertrykking og utbytting i heimlandet.

For å minne om nokre av reaksjon-

Ramgoolan, formannen i OAU (organisasjonen for afrikansk einskap) og president i Mauritania sendte 29. mars eit brev til president Mòbutu som uttrykte full støtte til og solidaritet med Zaire på vegne av OAU og regjeringa i Mauritania.

I brevet heiter det mellom anna:

«Nyhetene om volden mot Zaires territoriale integritet, et broderland og medlem av «organization of African Unity», har reist indignasjon ikke bare blandt medlemsstatene i OAU, men også blant folk som verdsetter fred og frihet».

Vidare:

«Denne aggressjon mot en stats sikkerhet, en uansvarlig handling, vil trolig ha ekstremt alvorlige konsekvenser for sikkerheten i denne region av Afrika».

Eg er heilt samd i det Ramgoolam her seier. ER USV? KVA ER USV EVT. USAMDE MED RAMGOOLAMI?

Egypt's president Sadat seier i eit

intervju med Le Monde 5. april at Sovjet utfører alvorlige manøvrer over alt i Afrika. Han seier: «Angående borgerkrigen i Zaire er det åpenbart en intern affære, som man påstår». «Katangstyrkene innehar sovjetiske tanks, spesielt T-54 og T-55 typen». «Disse tanksene har ikke falt ned fra himmelen».

USV SIN KOMMENTAR?

På ein pressekonferanse i Washington 6. april uttrykte han bekymring over den sovjetisk-kubanske rolla i Afrika. Han tilføyde at han ikkje ønska at det som hender i Angola og Zaire skal gjenta seg i andre afrikanske land.

Presidenten i Tunis og kongen i Marokko har uttrykt støtte til Zaire. Statsministeren i Chad uttrykker indignasjon over invasjonen av Zaire med framande tropper. Utanriksministeren i Sudan seier m.a. at: «The Sudan is deeply confident that all conspiracies against Africa will surely be frustrated in the end».

USV SIN KOMMENTAR?

Anne Katrine Rørholt.

1. MAI 1977

1. MAI 1977

1. MAI 1977

1. MAI 1977

1. MAI 1977

GÅ I KLASSEKAMPTOG 1. MAI!

Studentar! 1. mai står like om døra. Det tyder at vi og skal ut på gata og markere krava våre.

1. mai er arbeiderklassen sin internasjonale kampdag. Da skal dei markere krava sine for dei som har makta i samfunnet. Men klassen er ikkje aleine om å vere undertrykt, dei har mange allierte i kampen.

Siste året viser tydeleg nok at studentane ikkje har felles interesser med dei høge herrane i universitetsleiinga og staten. Suspensjonssaka, disiplinærreglementet, lånekassesaka, Alstadheimutvalget, alle desse sakene har vi fått «servert» på kort tid. Vi treng ikkje tenke to gonger for å slå fast at vi har å gjere med **KLÅRE FORVERRINGSTILTAK!**

FORSVAR DEI DEMOKRATISKE RETTANE!

Særleg retter tiltaka seg mot dei demokratiske rettane våre og dei økonomiske tilhøva.

Disiplinærreglementet ligg på lur, og er i røynda ikkje noko anna enn ein freistnad på å snikinnføre vest-tyske tilstandar. På universiteta der er all politisk verksemd forbode, og folk som bryt forbodet blir sparka ut.

Under suspensjonssaka sa Haugli rett ut at han ønska seg disiplinærreglementet slik at han kunne få sparka den suspenderte studentrepresentanten ut av universitetet, etter at studenten, i tråd med vanleg praksis, hadde informert grunnplanet sitt om budsjettplanane i samskipnaden!

NEI TIL AUKA GJELDSBØR!

Ar for år blir dei økonomiske kára våre forverra. Stipenddelen synk jamnt og trutt Etter ei vanleg lang universitetsutdanning ligg vi no an til å få ei alvorleg gjeldsbør i tiår framover. 50.000 i lån gir 350 kr. månaden å betale i over 20 år!

Slike åttak må vi forsvare oss mot! Vi må sjølv reise kampen for å halde på dei rettane vi har, og for at vi ikkje skal bli gjort til gjeldsslavar på livstid.

Fagleg 1.mai front-toget er eit tog for alle som har kampkrav å stille 1.mai, og for å markere breidda i klassekampen som arbeiderklassen og andre undertrykte grupper driv fram. Difor må vi studentar slute oss til FFF-toget og reise våre egne krav.

SV-TOG

Kvifor er FFF det einaste alternativet for progressive 1.mai?

Er ikkje Sosialistisk 1.mai front og eit klassekamptog

som fremjer progressive krav? Nei, det er eit SV-tog og eit klasse-samarbeidstog. Kvifor er det slik?

For det første gikk SV i spissen for å få arrangementet i stand Dette er i nøyaktig samsvar med dei interne SV-planane som Klassekampen avslørte før jul: Først slutte seg til Sam.org. sitt arrangement, så bryte ut for å markere venstresida.

Dette opplegget har dei no fullt over heile landet, sjølv om det enkelte plassar har medført at dei har måtta stifte «venstresidearrangement» på medlemsmøte i SV Stort klårare kan det ikkje bli at vi har å gjere med eit reint partipopagandashow. Kvifor dei arrangerer eit partitog, utanfor Sam.org., skal vi kome attende til.

IKKJE BROT PA POLITIKKEN

Det er dessutan slik at SV ikkje har brote på politikken i Sam.org.toget. Dei har stemt for parolene i toget, før dei braut ut. På årsmøtet i Byggningsarbeiderforeninga stemte Ivanna Pedersen for Sam.org.toget, ho er tidlegare nestforkvinne i SV i byen.

Vidare er det slik at SV først stemte for eit tog med partiseksjonar og innbyrdes motstridande paroler. No gjer dei det til eit viktig poeng i flygebladet sitt at toget er utan partiseksjonar og utan reservasjonsrett.

Dette er noko til heilomvendning, og den er sanneleg foreteke utan å blunke ein gong, Mekan til prinsippløyse skal ein vel leite temmeleg lenge etter.

POLITIKKEN I SSF

Kva slags politikk står SSF for? Det skal godt gjerast å finne ei einaste parole som ikkje Asmund Hansen kan slutte seg til. (For øvrig er det hittil ingen som har stadfesta

at han ikkje skal gå i toget). Asmund Hansen er klasse-samarbeidsmann på sin hals, han tyr til sensur og suspensjonar for å kneble fagleg opposisjon som står på ei klassekampline. Finst det eit tog med ein politisk plattform han kan slutte seg til, må det dermed med naudsyn vere eit klasse-samarbeidstog!


KVA SEIER PAROLENE?

Parolene i SV-toget utmerker seg ved å vere nokså ålmene og ved ikkje å rette seg mot nokon som helst. Den førebels hovudparola deira: Arbeidarmakt mot kapitalmakt – for sosialismen, er ikkje meir «revolusjonær» enn at ho skal vere med i Sam.org.toget i Harstad.

Kamp mot imperialismen-parola retter seg heller ikkje mot nokon, peiker ikkje ut kven imperialistmaktene er. Kvifor? Fordi SV er eit pro-imperialistisk parti. USV-aren Knut Hjelmelad sa t.d. på siste hovudallmøte at han ikkje synst det var noko rart at MPLA støtta seg på Sovjet når dei vart angripne av amerikanske fly.

Det er akkurat SV si line, blir du angripe av ei imperialistmakt, skal du stø deg på den andre. Hellas er eit godt døme på kor den lina fører hen. Etter 2. verdenskrigen hadde greske frigjeringsstyrkar jagd fascistane ut av landet og sto rundt Athen klar til å gå inn i byen. Så vart engelskmennene slept inn, resten veit vi.

Parola Ingen kvinnekamp uten klassekamp – ingen klassekamp utan kvinnekamp er like innhaldslaus. Den seier ingen ting om kva slags kvinnekamp vi skal føre, nemner ikkje eit ord om dei konkrete krava kvinner slåss for i



Frå Fagleg 1. mai Front toget i Tromsø i fjor.

dag t.d. dagheimsaken. (Ikkje så rart for eit parti som snakker varmt og dagheimsutbygging og stemmer like varmt for prisauke).

Som konklusjon kan vi seie at parolene, like lite som toget ellers, står for ei klassekamp-line.

RADIKALT ALIBI

Det kan ved første augekast sjå ut som om SFF er eit tog som står til «venstre» for SV, sia dei har med både KUL og trotskisten Tor Andersen. Men som vi alt har sett er politikken heilt i samsvar med SV sin, utan «revolusjonære» islett av noko slag.

Difor er det KUL og Tor Andersen som har slutta seg til klasse-samarbeidslina til SV. Det ser og ut til at KUL er splitta i dette spørsmålet, (i Oslo går dei mot SV av alle krefter).

SSF har trotskisten Tor Andersen med i leiinga. Trotskistane har ei særleg rolle opp gjennom historia: nemleg den

som handlangarar for fascistane. I sak etter sak har dei løpt fascismen sitt ærend, i Tyskland i 30-åra, i den spanske borgarkrigen, i Kina, i Vietnam, i Indonesia.

Oktobergruppa, som dei norske trotskistane er organisert i, har sagt i DNS i Oslo at dei ville strø ein sovjetisk invasjon i Noreg!!! Slike folk sit altså i leiinga for SFF. Vend ryggen til eit slikt tog!

Etter dette skulle det heller ikkje vere alt for problematisk å slutte seg til at eit tog som følgjer SV si line i eitt og alt, er eit reint valkamptog, sett i sving for å markere SV sjølvstendig i innleiinga på valkampen.

Slutt opp om FFF! Det einaste verkelege front-toget! Det einaste toget som reiser kampen mot begge dei imperialistiske supermaktene! Det einaste toget som krevjer forbod av «Norsk Front»! Det einaste toget som samler folk TIL KAMP FOR EIGNE KRAV!

Studentparolene i toget:

Reis kampen mot behovsprøvd prosentstipend, vi krev 390 kr. grunnstipend til alle, 790 kr. stipend til alle borte-buarar.

Studentane skal sjølv rå over interesseorganiseringa – nei til diktat av valordninga frå staten og Haugli.

Forsvar informasjonsretten, studentrepresentantar har informasjonsplikt – lær av suspensjonssaka.

Vi krev spedbarnstuer og ammerom på lærestadene.

Einskap studentar – arbeidarar.

Forby Norsk Front – steng nazistar ute frå lærestadene.



I år som ifjor går det berre eit klassekamptog.

BOKANMELDELSE

PAX-VERK OM DEN NYE LITTERATUREN

Helge Rønning (red):
Linjer i norsk prosa
PAX forlag
440 sider



Under kapitalismen faller litteraturproduksjonen i to deler: For det første den egentlige litterære arbeidsprosessen. For det andre skal verket antas i den borgerlige offentlighet, framstilles i bokform og selges som en vare på litteraturmarkedet.

Da dominerende forlag er selv-sagt primært opptatt av salget: En god bok er den som selger godt. Dette aspektet påvirker forfatterne i den kapitalistiske litteraturproduksjonen til primært å skape en litterær vare som selger, og hvor den litterære kvalitet blir trengt i bakgrunnen. Trivial-litteraturen selger best: Kjell Hallbing (Morgan Kane-serien) er derfor Norges største forfatter (den mest leste).

Radikal litteratur gir de store forlagene nødige ut. Men dersom slik samfunnskritisk litteratur antas å selge godt, firer de på dette prinsippet.

Men skal samfunnskritisk litteratur på sikt få en omfattende betydning, kan vi ikke stole på at slik litteratur i særlig omfang vil

bli formidlet gjennom den borgerlige offentlighets kanaler. For venstresida er det en strategisk viktig oppgave å utvikle en egen offentlighet uavhengig av de borgerlige massemediane og forlagene. PAX Forlag er eksempel på en begynnende uttrykksform for en slik mot-offentlighet som bør videreutvikles. Bare gjennom egne mediaer kan sosialister for alvor komme ut med sine bidrag til en overskridende kritikk av kapitalismen.

I dag driver altså PAX et arbeid som det er viktig å støtte opp om. En av forlagets mest interessante utgivelser denne våren er «Linjer i norsk prosa».

Fra midten av 60-åra har sosiale og politiske endringer funnet sted som bl.a. har resultert i økende politisk engasjement, samfunnskritikk fra flere slags posisjoner og et oppbrudd fra sosialdemokratiet i venstresidisk retning. I den siste tiårsperioden har kapitalismens problemer blitt tydeligere på flere plan, og illusjonen om den krisefrie og statsregulerte kapitalisme til beste for alle, har slått sprekker. Også i litteratur har

denne nye samfunnsengasjerte holdningen fått en sentral plass.

Redaktøren av «Linjer i norsk prosa», Helge Rønning, setter innledningsvis den nye samfunnskritiske vendingen i prosaen i sammenheng med endringene i samfunnet: Forandringer i kapitalismen, mellomlagens vekst, nye «mønstre i «mærlingslivet», Vietnamkrigen osv.

Verket analyserer de representative retningene i denne prosaen som har innsett litteraturens politiske muligheter. Men også den tilsynelatende «a-politisk» kriminallitteraturen gjennomgås (av Nils Nordberg). Forøvrig gås en annen type «mannlitteratur» nærmere i sømmene, nemlig western-bøkene representert ved Morgan Kane (av Tor Karlsen).

Særlig interessant synes vi de vurderinger av forfatterskap som foretas ut fra en marxistisk kritikk, er. F.eks. leverer Lars Mjøset en marxistisk vurdering av Bjørneboe som viser at sistnevntes samfunnsanalyse bare beveger seg på den kapitalistiske overflate. Bjørneboe tror at utbygningen foregår i sirkulasjonen, at

MERK DEG VÅRE KANTINETILBUD!

Teoribygget: kaldmat, middag	åpningstid 1000 - 1615
Nordlysobservatoriet: kaldmat, middag	1100 - 1500
Odd Berg: kaldmat	0900 - 1500
Idar Brenn: kaldmat, middag	1000 - 1615
Gjennomgangsbygget: kaldmat, middag	1000 - 1600

Vellaget, god middag i prisklassen kr 8,50 - kr 11,25 (ca halve prisen i forhold til byens andre tilbud).

Vi tar oss av alle typer arrangement, stort eller lite. Vi lager også mat for utbringning.



Nærmere opplysninger om kantinenes service-tilbud fåes over telefon 8 10 12.

STUDENTSAMSKIPNADEN

I TROMSØ

valgt ut til grundige analyser i PAX-verket, er det alt i alt en begivenhet at en slik bok er kommet ut.

Foruten de nevnte forfattere, drøftes følgende:

Einar Økland (A. Kittang), Cecilie Løveid (J. Erikson), Liv Koltzow (I. Engelstad), Kåre Holt (J. Thon), Espen Haavardsholm (H. Rønning), Kjartan Fløgstad (I. Stegane), Vigdis Stokkelien, og Bjørg Vik (J. Øverland), Edvard Hoem (S. Tusvik), science fiction (T. Karlsen) og barnlitteratur (R. Jensen).

Samtidig sender PAX ut to tilsvarende bind (Sverige og Danmark). «Linjer i norsk prosa» kan trygt anbefales for sine interessante, og samtidig lettlest og underholdende bidrag til forståelsen av den nye norske litteraturen. Boka kan karakteriseres som et «funn» for prosainteresserte.

Eirik Fiva

Skolebøker

Skolemateriell

Centrum Bok- og Papirhandel

TROMSØ

Telefon 83 540 — Storgt. 73



STUDIER I UTLANDET — ET UTFORDRENDE ALTERNATIV

I alle år har en stor kontingent nordmenn skaffet seg en utdanning ved utenlandske læresteder. ANSA — Samband for norske studenter i utlandet — regner med mellom 5 og 6000 norske studenter i utlandet — på ca. 300 forskjellige læresteder i 24 land.

Nordmenn har en lang tradisjon i å utdanne seg i utlandet. Det var ikke før i 1811 at Norge fikk sitt eget universitet og den dag idag er ikke Norge selvforsynt med høyere utdannet folk. En stor prosent av Norges medisiner, tannleger, siviløkonomer og sivilingeniører har fått sin utdanning i andre land. De reiste ut fordi det ikke var (eller er) utdanningskapasitet her hjemme.

I dag er det fortsatt mange som reiser til utlandet fordi de ikke kommer inn i Norge. Flere og flere blir imidlertid klar over de egenverdier det er å studere i et annet land innebærer. Mange studenter fag som ikke finnes i Norge, mange studenter de tradisjonelle fag men på utradisjonelle måter og steder, og mange studenter ved læresteder hvor det faglige tilbudet er bedre enn i Norge.

De faglige, språklige og kulturelle forskjeller ved å studere i utlandet er av stor verdi. Idag

arbeider ANSA for anerkjennelse av disse verdier. Men ikke bare for anerkjennelse — vi arbeider også for å gjøre disse verdiene økonomisk oppnåelig for alle. I dag er det stort sett bare de lukkede fagområder i Norge som man får støtte til fra Lånekassen. Bare de kapitalsterke idag står fritt til å studere de såkalte «åpne studier» i utlandet. Dette er en av årsakene til en skjev sosial rekruttering til utenlandsk utdanning. ANSA, som sagt, går inn for at alle skal få støtte på like fot.

Et annet viktig arbeidsområde for ANSA er å få godkjent utdanning ute som fullverdig. Og av stor betydning er det arbeidet som ANSA utfører på studieopplysningsområdet. Vi har flere studieopplysninger i tillegg til de Lånekassen utgir og vil gjerne sende disse til dere om dere bare forteller oss hva du vil studere hvor.

Et utenlandsk studium har mye å by på — men det krever også mye. Alle som tenker seg ut av landet for å studere burde være klar over dette og mene at de har evne til å tilpasse seg andre forhold. Det må i all sannhet sies at det å studere i utlandet ofte er meget hardt. Uvantspråk og undervisnings/eksamensformer

og sterk konkurranse.

ANSA ser det som meget positivt at nordmenn utdanner seg i utlandet. Norge trenger alle de impulser og nye ideer det å studere i utlandet medfører både enkeltindivid og det norske samfunnet. Men Norge har også noe å gi i internasjonal sammenheng — og ANSA arbeider for at utlendinger skal ha muligheter for å studere også de lukkede fagområder i Norge. Norge tar riktignok imot utenlandsstudenter, men vel å merke stort sett i de åpne studieområder — og på Sommerskolen, mens vi eksporterer store mengder studenter til medisn og andre områder hvor konkurransen for å komme inn er høy. ANSA etterlyser en gjensidig internasjonal studentutveksling i alle fagretninger.


ANSA tilbyr sine medlemmer mange praktiske fordeler — norske aviser, reisemoderasjoner, osv. Om dere har spørsmål om studier i utlandet håper vi dere kontakter ANSA. Skriv, ring eller stikk innom Storgt. 3, 5. etasje, Oslo 1. Kontoret tar imot personlige henvendelser mellom kl. 12 - 15 på hverdager — og kl. 10 - 12 på lørdager. Tlf.: 33 70 09 — 33 70 10.

ANSA

NYE Unipax



Kan samfunnet endres på avgjørende måte ved at lovverket og rettsreglene endres? Ny og sterkt utvidet utgave av Thomas Mathiesens «Rett og samfunn», kr. 45,—



Konfrontasjon av nyklassiske og marxistiske teorier om utbytting. Modeller for konflikt og samarbeid mellom grupper og nasjoner, kr. 45,—

Linjer i nordisk prosa

Tre bøker om sentrale forfatterskap i den nye nordiske litteraturen etter 1965, analysert av unge, radikale kritikere.

Helge Rønning har redigert bindet om de norske forfatterskapene: Einar Økland, Kåre Holt, Jens Bjørneboe, Espen Haavardsholm, Dag Solstad, Bjørg Vik, Liv Koltzow, Cecilie Løveid, Kjartan Fløgstad, Edvard Hoem, Vigdis Stokkelien, Tor Åge Bringsværd og Jon Bing.

Parallelt utgis tilsvarende artikkelsamlinger om den svenske og danske prosaen fra det samme tiåret.

Fås i bokhandelen. Kr. 81,— pr. bok.



STATEN MED KJEMPEÅTTAK PÅ STUDENTØKONOMIEN!

- USV'ARAR FORSVARAR OG HELD KJEFT OM KVA SOM FØREGÅR I LÅNEKASSA!
- DIREKTØREN BEKLAGER AT EINSKILDE NOTAT HAR KOMME PÅ «AVVEIER».
- LANGTIDSBUDSJETTET VARSLAR NEDGANG I RAMMENE FOR STIPENDMIDDEL!
- GRUNNSTIPENDET SKAL BORT!
- BORTEBUARSTIPENDET SKAL BORT!
- FRÅ 77/78 SKAL 15.000 KR I LÅN GJE 750 KR I STIPEND!

Staten sitt rasjoneringsdirektorat har sett i gang ei omfemnande organisasjonsundersøking av lånekassa. Det er sett ned fleire arbeidsgrupper som føreslår rasjonalisering som rammer både studentar og tilsette hårdt.

PROSENTSTIPENDMODELL!

I staden for bortebruarstipend og grunnstipend skal lån og stipend reknas ut etter ein prosentstipendmodell og stipendet skal behovsprøvast mot eige og ektefellen sin inntekt/formue. I notat 5 står det: «Den modellen som arbeidsgruppe 1 foreslår for søkere over 20 år medfører en sammenslåing av de viktigste nåværende stipend. —Således vil bortebruarstipendet forsvinne fra stønadsordninga for søkere over 20 år». Vidare: «Dessuten vil det ikke lenger være tale om tildeling av et fastsatt stipend. Skillet mellom hjemmeboer og borteboer vil bare bli aktuelt ved valg av kostnadsnorm. Således vil en vesentlig del av bortboerstipendet bli gitt som lån».

Stipendet skal bereknast i prosent av lånet. Vilkaet for å få eit skikkelig stipend er at du slavebind deg til ei kraftig gjeldsbør. Om du låner 50.000 over 5 år, får du kr. 0 i stipend og 100.000 å betale attende. Låner du 20.000 i 5 år, får du 20.000 i stipend og over

200.000 å betale attende når renta er rekna med.

BEHOVSPRØVING AV STIPENDET!

Arbeidsgruppa foreslår å behovsprøve stipendet mot eigen og evt. ektefelles inntekt. Stipendgrunnlaget stønadsbehov minus fråtrekk for eigen og ektefelles inntekt. Av dette stipendgrunnlaget vert det gjeve ein viss % i stipend.

På spørsmål sier Lånekassa at vi ikke må heve hele lånebeløpet som stipendet er rekna ut fra. Dette endrer likevel ikke realiteten. For hever du ikke fullt beløp, må du jobbe inn disse pengene utenom studietida og da blir du automatisk tilkjent lavere beløp neste gang du søker. Stipendet blir rekna ut fra den delen av totalbehovet som du dekker med lån/stipend. Samtidig vil Lånekassa drøfte om ikke bofellesskap med ektefelle som har inntekt automatisk skal reknas som hjemmeboer, det vil med prosentstipendet si at kostnadsnormen, den summen stipendet reknes ut fra, automatisk vil skjære ned, ergo mindre stipend om du bor sammen med en som har inntekt. **Kostnadsnormen skal også reknes ut etter ektefelles og egen inntekt.** I tillegg til det vi sa ovenfor, betyr det at vi blir gjort avhengig av hva ektefellen tjener. Dess mer ektefellen tjener, dess mindre stipend.

KONKLUSJON

Ordninga betyr at de studentene som allerede i dag er hardt pressa økonomisk, så hardt at de må jobbe ved siden av studiene, skal få mindre stipend. Ordninga favoriserer studenter som er sikra godt betalte jobber etter studiene. Det rammer spesielt dem som ikke kan eller vil slavebinde seg til ei gjeldsbyrde på mange hundre kroner pr. måned i 15-20 år etter studiene. Dette kaller Lånekassa mer rettferdig fordeling!

USV SPREER FORVIRRING OG FORSVARAR ÅTTAKA!

USV må tru at dersom dei greier å få heile diskusjonen om lånekassesaka til å dreie seg om det dei ønsker, nemlig uviktige ting, som kven visste kva, og når visste kven kva, så vil studentane la seg lure av dette og ikkje diskutere det saka gjeld; innhaldet i notata frå arbeidsgruppene i Lånekassa. Og dette er ein medveten taktikk som USV nyttar over heile landet, fordi dei er livredde for å diskutere det saka verkeleg gjeld.

Vi skal likevel ta opp noko av det Arbo (USV) seier på veggavis, fordi det er LØGN, for verken han eller andre kan dokumentere det dei påstår.

1) Representantane i Lånekassas råd er ikkje informert om innhaldet

det i arbeidsnotatet som Arbo påstår. Det har vore umogleg for dei på møta å få vite noko anna enn at nokon dreiv og forenkla reglane for stipend.

Dette bekrefter også direktøren skriftleg (uoppfordra), og seier at stud.repr. ikkje vil få vite om dette før i september 77, då det skal opp til handsaming i L.k. sitt råd.

Dokumentér noko anna, Arbo/USV!

2) Notata har ikkje vore delt ut på DUK-møta. Versto (USV) har aldri informert om innhaldet i dei nye reglane, kva dei innebar, men snakka om forenkling av reglane, — eit eller anna. Dersom det er slik som Arbo seier at notata har vore delt ut på DUK-møta, synest du ikkje det mildt sagt er mistenkjeleg at LNL ikkje har fått del delt ut der?

ØKONOMIEN:

Arbo/USV sin draum er at staten skal vere så snill at dei av rein veldedighet løyver 20 mill. kroner meir i stipendmidlar til oss. Men sjøl ikkje Arbo sine draumar har her noko med røyndomen å gjere, det er reine og skjære illusjonsmakeriet.

—For i notat nr. 4 frå arbeidsgruppe 1 kjem den økonomiske grunngevinga for å halde stipendmidla nede, og dei seier rett ut at mange får det dårlegare (med den nye ordninga).

— Prosjektgruppa (som står over arbeidsgruppa) seier at ein må nytte tala i notat 5, då dei er mest i samsvar med løyvingane.

— Kontorsjefen i Lånekassa hevdar at dei økonomiske rammene i langtidsbudsjettet (som varslar nedgang i rammene for stipendmidlar) vil verte fulgt, — det kan komme små endringar, men rammene «forsikrar» ha: vil gå gjennom.

4) USV og andre hevdar ellers i landet at vi har så god tid på oss, m.o.t. desse sakene. Det er ikkje sant. I notat 5 står det at «systemet forslås å gjelde f.o.m. undervisningsåret 1978-79».

— Konsulent Johansen i Lånekassa seier at dette skal opp som stortingsmelding til hausten. —Det vert heller ikkje noko høyring som ein skilde seier.

Direktøren og konsulentane i Lånekassa seier at studentane får ikkje vite noko om dette før det kjem som stortingsmelding.

Dei går sterkt imot kravet om 4 mnd. høyring, og synest det er veldig lang tid.

Dei beklagar også at ein skilde notatar er kome på «avveier» og går sterkt imot at vi skulle få kjennskap til desse tinga no.

— Vi foreslår at vi no sluttar denne tekniske diskusjonen som Arbo/Roland har lagt opp til, og at vi no konsentrerer oss om det som er viktigast, nemlig dei grove åttaka på studentøkonomien som systemet inneber.

Vi ber Arbo og andre kommentere:



ER DET TIKTIG AT GRUNN- OG BORTEBUARSTIPENDET SKAL BORT?



ER DET RIKTIG AT DET IKKJE VERT LAGT OPP TIL Å INNFRI KRAVET OM AUKT KOSTNADSNORM?



ER DET RIKTIG AT SÅVEL BOTILLEGGET SOM EVT. FORSYRTARTILLEGG SKAL BEHOVSPRØVAST MOT EKTEFELLES INNTEKT, OG AT ARB.GRUPPA SJØL HAR FORESLÅTT EIN REDUKSJON I TILLEGGET MED 60% AV DET EKTEFELLE TENER OVER KR. 1900 PR. MND.



ER DET RIKTIG AT PROSENTSTIPENDMODELLEN VIL GJE MYKJE MINDRE/IKKJE NOKO I STIPEND TIL DEI SOM IKKJE ÆNSKJER Å TA HØGT LÅN, ELLER SOM JOBBAR UTANOM FOR Å SLEPPE HØGT LÅN?

Sjøegata 12 Telefon 82085

God mat til folkelige priser!

Åpent 10.30 - 17.00
og
19.00 - 24.00

OVERGANG fra side 2

— PRESSEMELDING

skolepolitikk.

Høyres skolepolitiske aksjon har ikke vært noen isolert foreteelse. Høyrekraftene er på offensiven på flere fronter i skolesammenheng. De som i pakt med Mønsterplanens intensjoner forsøker å la motsetningene ute i samfunnet kommet til uttrykk i skole, blir stigmatisert som «venstre-avvikere» og får umulige arbeidsforhold. Dette perspektivet reises i artikkelen «Bokbålet i skolegården».

Dette nummeret av Praxis inneholder også en indeks over alt innholdet i 1976-årgangen. Mye interessant stoff for alle skoleinteresserte!

Ellers finner du bokmeldinger og mye annet i dette nummeret av Praxis. Abonnement kan bestilles hos Praxis, Gøteborggt. 8, Oslo 5 og du får kjøpt det i løssalg hos Narvesen.

**faglig
1. mai-
front
1977**

enhet på
klassekampens
grunn